



Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/11844-1

## **Skuleskyss vidaregåande opplæring 2015/2016 - Klage på vedtak**

**...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje til følgje klagen frå Kristine Ryssdalsnes Horvli med føresett.

**...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

Klage dagsett 23.10.15

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Vedtak om skuleskyss

Vedtak om tilbakekalling av skulskysskort dagsett 05.10.15

Svar på klage dagsett 04.11.15

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunen er ansvarleg for skuleskyss etter opplæringslova § 13-4. Elevar i vidaregåande skule har rett til gratis skuleskyss dersom avstanden mellom skulen og eleven sin heim er meir enn 6 kilometer, sjå oppl. § 7-2.

Tidlegare produserte dei vidaregåande skulane skuleskysskort til elevane. Etter innføringa av elektroniske skuleskysskort skuleåret 2014/2015 er det fylkeskommunen ved samferdsleavdelinga som produserer skuleskysskorta. Fylkeskommunen har såleis betre oversikt over kvar elevane bur, noko som gjer at samferdsleavdelinga har moglegheit til å måle nøyaktig avstand mellom heim og skule.

Ved starten av skuleåret 2015/2016 vart dei fleste skuleskysskorta produsert på bakgrunn av inntakslista til dei ulike skulane eller utfylt søknadsskjema. Dette vart gjort for at flest mogleg skulle få korta raskt i hende etter skulestart. For ein del elvar måtte det også hentast inn fullstendige adresser, eller gards- og bruksnummer for dei som ikkje har gateadresse. I vedtaks-brevet om skuleskyss står det at «*avstanden mellom heim og skule kan verte kontrollmålt av fylkeskommunen, og vedtaket verte oppheva dersom det viser seg at avstanden ikkje er lang nok til at du har rett til fri skuleskyss*». Føremålet med kontrollmålinga er at alle elevane skal få lik handsaming etter opplæringslova § 7-2.

Etter kontrollmåling av avstand ved bruk av [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no) viste det seg at nokre elevar har fått skuleskysskort på feil grunnlag.

Kristine Ryssdalsnes Horvli går i tredje klasse på Firda vidaregåande skule. Ho har hatt gratis skuleskyss dei to første åra på vidaregåande. Ved starten av skuleåret 2015/2016 vart ho også innvilga gratis skuleskyss, og tildelt elektronisk skulekort.

Då fylkeskommunen i haust målte avstanden mellom skulen og heimen til Kristine Ryssdalsnes Horvli, viste det seg at ho hadde fått skuleskysskort på feil grunnlag. Avstanden mellom heimen og Firda vidaregåande skule, målt langs E39, er 5,2 kilometer. På bakgrunn av dette gjorde fylkesdirektøren om opphavleg vedtak om gratis skuleskyss for Ryssdalsnes Horvli, og kalla attende skuleskysskortet.

Eleven sin føresett, Ingebjørg Ryssdalsnes, klaga i brev av 23.10.15 på fylkeskommunen sitt vedtak. Klagen ligg ved saksframlegget.

Fylkesdirektøren for samferdsle har vurdert saka på nytt, men har ikkje funne grunnlag for å gjere om vedtaket. Klagen er sendt over til fylkesutvalet som klagenemnd for handsaming i tråd med Reglement for fylkesutvalet § 4 og delegeringsreglementet punkt 3.21 nr. 4.

## **2. Klagaren har i hovudsak gjort gjeldande**

Klagar meiner at det er naturleg at Kristine går langs fylkesveg 696 til skulen, og at denne strekninga bør leggast til grunn for avstandsmålinga. Skulebussen køyrer fylkesveg 696 til skulen, og denne strekninga er mykje mindre trafikkert enn E39. Det er dessutan ikkje rimeleg at søskena skal gå i kvar si retning til skulen. Avstanden mellom heim og skule, målt langs fylkesveg 696, er 7,1 kilometer. Klagar peikar også på at fylkeskommunen innvilga gratis skuleskyss for Kristine dei to første åra på vidaregåande.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

Elevar i vidaregåande skule som bur meir enn seks kilometer frå skulen, har rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle, sjå oppl. § 7-2. Det følgjer av forarbeida til opplæringslova § 7-2 at «*skolevegen skal rekna frå dør til dør etter farande veg*». I Skyssreglement for elevar i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane punkt 2.2 er det presisert at «*kortaste gangavstand ein veg rekna frå bustad til opplæringsstad (dør til dør) vert lagt til grunn for måling av avstand*». Kva veg skulebussen køyrer, eller kva veg eleven faktisk vel å gå til skulen, er såleis ikkje av tyding for avstandsmålinga. Kortaste gangavstand vert lagt til grunn når avstanden mellom heim og skule skal målast.

Klagar har gjort gjeldande at strekninga som fylkeskommunen har målt er sterkt trafikkert. Elevar i grunnskulen som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda, jf. oppl. § 7-1. Det finst ingen tilsvarande unntaksregel frå avstandsgrensa for elevar i vidaregåande opplæring, sjå oppl. § 7-2. Elevar i vidaregåande skule har såleis ikkje rett på gratis skuleskyss på bakgrunn av at skulevegen er farleg eller vanskeleg.

Klagar har vidare peika på at Kristine har fått gratis skuleskyss dei to første åra på vidaregåande skule. Som nemnt innleiingsvis har samferdsleavdelinga frå og med skuleåret 2014/2015 hatt betre oversikt over kvar elevane bur, og det har blitt gjennomført kontrollmåling av avstandane mellom heim og skule. Dette har ført til at nokre elevar som tidlegare har fått gratis skuleskyss ikkje lenger får slik skyss, fordi det viser seg at avstanden mellom heim og skule er for kort. Fylkesrådmannen framhevar at føremålet med kontrollmålinga er at alle elevane får lik handsaming etter oppl. § 7-2.

Fylkesdirektøren for samferdsle har målt kortaste farande veg frå eleven sin heim til skulen til 5,2 kilometer. Avstanden er såleis under grensa i oppl. § 7-2. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er grunnlag for å gjere om fylkesdirektøren for samferdsle sitt vedtak om tilbakekalling av skuleskysskortet. Fylkesrådmannen sluttar seg til vurderinga fylkesdirektøren har gjort i denne saka, og tilrår at fylkesutvalet som klagenemnd ikkje tek klagen til følgje.

## **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å oppretthalde fylkesdirektøren for samferdsle sitt vedtak om tilbakekall av skuleskysskort for Kristine Ryssdalsnes Horvli.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)